

---

**Fra:** "Frøyland, Ingvar" [mailto:IFroeyland@tysver.kommune.no]

**Sendt:** 8. juli 2005 12:00

**Til:** Postmottak KKD

**Emne:** Tysvær kommune - Uttale til høyring om endring lov om film og videogram

## 1. TYSVÆR KOMMUNE

RESULTATOMRÅDET KULTUR

Dato: 08.07.2005

Vår ref: 10971/2005  
2005/2282

Saksbehandlar: Ingvar Frøyland Tlf. 52 75 75 54

Arkiv:

Dykkar ref:

---



Kultur- og kirkedepartementet

Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

## 2. HØYRING - ENDRINGAR I LOV OM FILM OG VIDEOGRAM - UTTALE FRÅ TYSVÆR KOMMUNE

Viser til utsendt høyringsnotat "Om endringar i lov 15.mai 1987 nr.21 om film og videogram".

Tysvær kommune v/oppvekst- og kulturutvalet har handsama saka og vedteke denne uttalen:

1. Ein går inn for at følgeregelen vert oppheva og at det vert innført ei ny aldersgrense på 5 år.
2. Det bør framleis ikkje vera forbode å syna reklamefilm i samband med filmar for barn frå sju år og nedetter, men lova bør innskjerpast slik at det vert same forbod mot reklame retta direkte mot barn, som det i dag er for kringkasting.
3. Kommunane skal kunna stilla krav til innhaldet i filmtilbodet ved tildeling av konsesjonar for framsyning av film og videogram i næring.

Viser elles til vedlagte saksutgreiing.

Med helsing

Ingvar Frøyland  
Kultursjef